

Med ei slik utsikt treng du ikkje termos for å bli sittande ei stund.



Frå Høgebrot er det flott utsikt mot Ål sentrum! Det er fleire alternativ for heimvegen, men dersom du går mot Holli passerar du eit gammalt steinbrot.


Start turen med å køyre Nysetvegen mot Randitjørn til dit vegen flatar seg ut. Her går det merka stig til Smettbak-Mefaringen. Ta så til venstre i fyrste krysset mot Mefaringen.

Stigen passerar den nedlagte stølen Skalledokki. Rett etter stølsvollen går stigen opp på ein liten rygg. Der finn du eit stigkryss der den rydda og merka stigen til Høgebrot går opp til høgre. Etter litt slak stigning opp bjørkelia kjem du inn på ei stor myr. Der stigen passerar ein liten bekk ser du ned på heimstølen Torjusdokki på høgre sida.

Fylg så stigen vidare oppover. Etter ca. 300 meter står du på Høgebrot og kan nyte utsikta.

På vegen vidare mot stølen Mefaringen går du forbi eit gammalt hellebrot. I området ligg og den gamle stølen Holli. Frå Mefaringen går du stigen ned til Nysetvegen og fylgjer den attende til parkeringsplassen.

Ynskjer du ein lengre tur kan du gå over Nysetfjellet og ta veg eller stig attende derifrå. Sjå kart 7.1. for fleire turforslag på Veståsen.



For meir detaljert kart sjå: Veståsen/Sangefjell 1:50.000.



Frå Ål stasjon opp Vestlie til Jonsetsvingen (3,1 km). Derifrå langs Nysetvegen mot Randitjørne (3,5 km). Betalingsbom.

På høgre side av vegen ved Randitjørne.

Ca. 5 km t/r frå Randitjørne. Ca. 1 – 1,5 time t/r. 934-1096 moh.

Gammalt hellebrot/steinbrot mellom Skalledokki og Holli.

Lett skogstur på gamle stigar, i område med fleire gamle stølar.

